

Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 10 ,2008



Romjulsmarsj nummer 30. 2.juledag byr trimgruppa i VIL inn til nok ein romjulsmarsj. Og denne gongen er det ei ekstra stor ære å gjere det ettersom det er marsj nummer 30 utan opphald. 147 personar deltok i debutmarsjen i 1979, eit tal vi må ta mål av oss å klare også dette året. Romjulsmarsjen har vore særdeles seig. Nedlegging av dette arrangementet har aldri vore tema. Uansett vêr stiller mellom 100-200 personar. Rekorden lyder på 223 personar – den skriv seg frå 1992, og burde vere moden for å bli sletta.

Vi ynskjer alle velkomne til grendahuset 2.juledag. Også dei som ikkje er i stand til å gå, men berre vil ha ei sosial stund. Trimgruppa tek godt i mot alle, med gode smil og fin servering. REGISTRERING: Frå 11.00-13.00. Som vanleg vert det ulike løypelengder, og premiering frå gruppa sine tolv trimpostar enkeltvis og samanlagt. **Røsk i julefeittet – gå Romjulsmarsjen!**

Årets Utøvar. Velledalen IL har siste åra kåra ”Årets idrettsutøvar”. I 2005 gjekk prisen til Sverre Gunnar Brunstad, i 2006 til Kenneth Fet og i 2007 var det Hilde Riksheim Tandstad som stakk av med den høgthengande tittelen. Ein jury vil i romjula arbeide med saka, og resultatet vart lagt ut på www.velledalen.net 31. desember. Potensielle vinnarar utanom dei tre er: Olaf Øien, Rolf Haxthow, Håkon Fedt, Terje Aurdal, Svein Nakken, Stian Mork, Ole Johnny Myrseth, Jan Ringseth, Nils Terje Skylstad, Ellen Marie Hole og Christina Holmberg. Dette er alle som har representert VIL på kretsniivå eller høgare.

Kva med Per Steinar Linga vil somme spørje..? Han ville vore ein brennheit kandidat – og han har medlemskapet sitt i VIL i orden – men i sportsleg samanheng representerer han Ekornes BIL (bedriftsidrettslag).

Trimtoppen. Mange personar brukar beina flittig. Somme er ivrige vandrarar til idrettslaget sine trimpostar. Andre går meir i det stille. Som eksempel på dei siste kan vi nemne Jostein Drabløs som på meisterleg vis har trena seg opp att etter operasjon. Ofte to økter for dag, med dagleg distanse mellom 5-8 kilometer. Namnet hans står ikkje i trimbøker, men helsevinsten har han henta ut – berre snakk med han !

Eit stort antal personar skriv seg aldri inn i trimgruppa sine bøker. Når dei likevel kan skilte med 9661 besøk på dei tolv postane i løpet av siste året, fortel dette litt om interessa er for denne enkle forma for mosjon. Ein aktivitet der ein slepp dyrekjøpt utstyr. Her kjem ein langt med eit godt skopar, og klede tilpassa det aktuelle vêret.

Vi bøyer våre hovud i støvet for dei ivrigaste, som trimgruppa har rangert i denne rekkefylgja:

1. Geir Helge Grebstad 1790 poeng
2. Arnhild Linga 1724
3. Rune Nilsen 1609
4. Nils Terje Skylstad 1325
5. Torhild Skogvold 1212
6. Marianne Urke 1186
7. Renathe Riksheim Oldeide 1015
8. Ivar Arne Flo 994
9. Ragnhild Fet 920
10. Turid B. Fet 792



Magre tider: Vi hoppar 50 år tilbake i tid og ser på VIL i 1958 i kortversjon: ”25 medlemar, medlemskontingent kr. 2,-. Magre tider i idrettslaget, gode tider i lokal møbelproduksjon. Stor produksjon av ungar i denne tidbolken, noko som kom godt med seinare”

*Velledalen IL ynskjer alle sympatisørar ei retteleg
God Jul og Godt År i 2009*

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.